



Mange ventar på gode snøforhold i Fjellhaugen.(Foto: Ola Matti Mathisen)

Førstkommande søndag skal Uskedal idrettslag arrangere SPAR-rennet i Fjellhaugen, og i den samanheng håpar ein naturleg nok på snø og gode førehold. SPAR-rennet, som er ei nyskaping, er eit sprintrenn med prolog og det heile. Som namnet indikerer, vert rennet sponsa av SPAR-butikken vår.

- Vi er veldig glad for at SPAR-butikken sponsar rennet. Vi har hatt godt samarbeid og god støtte frå dei i mange samanhengar tidlegare, men det er første gang SPAR-rennet vert arrangert. Vi er svært taknemlege for at dei er så gode støttespelarar også for denne aktiviteten, seier Cathrine Ø. Haugland i skigruppa.

Ho håpar det vert gode snøforhold i Fjellhaugen og mykje skiaktivitet framover. Det fortener dei mange aktive skiløparane som har lagt eit godt treningsgrunnlag før sesongen.

Av: Thor Inge Døssland



Cathrine serverer frukt, sponsa av SPAR, før renn i fjorårssesongen.(Foto: Ola Matti Mathisen)

